



# Forskrift om gravplassvedtekter for Sauda kommune i Rogaland

Vedteke av Sauda Sokneråd i **Sauda kommune xx. xx. 2025** med heimel i lov av 7. juni 1996 nr. 32 om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 21 første avsnitt, § 8 første avsnitt og § 14 første avsnitt og forskrift til lov om gravplasser, kremasjon og gravferd av 10. januar 1997 nr. 16 (gravplassforskrifta) § 15a fjerde avsnitt.

Godkjent av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark xx. xx 20xx., jamfør lov av 7. juni 1996 nr. 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 21 første avsnitt.

## § 1 Forvaltning

Sauda Sokneråd har ansvaret for drift og forvaltning av Sauda kommune sine gravplassar, frå no av omtalt som gravplassforvaltninga (gravplassmyndigheit).

## § 2 Definisjonar

**Fri grav:** Tildelt grav til kommunens innbyggjarar som kan rådast over utan avgift.

**Festegrav:** Grav kor det er inngått avtale om bruk mot betaling av avgift.

**Gravstad:** Kistegraver som er avtalt å feste saman.

**Urnegrav:** Grav berre for umer.

**Kistegrav:** Grav for kister. Det kan også setjast ned urne i kistegrav.

**Fredingstid:** Tidsrom frå siste gravlegging til grava kan brukast om at.

**Festetid:** Tidsperioden det vert gjort avtale om bruk av ei grav mot betaling av festeavgift.

**Ansvarleg:** Den som står som ansvarleg for ei fri grav.

**Festar:** Den som står som ansvarleg i festeavtale.

**Namna minnelund:** Gravfelt med felles minnesmerke som har ei namneplate for avlidne.

## § 3 Gravplassstilhøyring

Avlidne personar med adresse i kommunen, har rett til fri grav i Sauda. Dette gjeld og om den avlidne på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i eit anna sokn eller i ei anna kommune mot slutten av livet.

Avlidne personar frå andre kommunar kan verta gravlagde i kommunen mot at ein betalar kostnadane ved graverda og avgift som ved feste av grav.

Felt F på Gunnarsmoen gravlund er tilrettelagt for muslimsk gravleggingsskikk.

## § 4 Fredingstid

Fredingstid for kistegraver er minst 20 år.

Fredingstid for urnegraver er 20 år.

## § 5 Feste av grav

Når kistegrav vert teke i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av, og etter godkjenning frå gravplassforvaltninga ei ekstra grav i tillegg når det er bruk for det. Desse gravene utgjer då ein gravstad.

Ved bruk av urnegrav kan ein ikkje festa grav ved sida av.

For festa graver er det betalt fastsett avgift, for gravstader vert det betalt for antal graver i gravstaden. Festar har plikt til å sjå til at festeavgift betalast dersom festeavtalen skal behaldast.

Er festet ikkje fornya innan 6 månader, fell gravstaden tilbake til gravplassen.



## **§ 11 Namna minnelund for urner**

Ved gravlegging i namna minnelund skal namn og data frå avdøde førast på ei namneplate på felles minnesmerke. Graver i namna minnelund kan bli festa på lik linje med andre graver på gravplassen.

I namna minnelund kan det bli festa ei grav i tillegg. Ved feste av grav skal det betalast festeavgift frå tidspunktet då den første grava vert tatt i bruk. Gravene vil ikkje nødvendigvis kome attmed kvarandre, men namneplatene.

Ved gravlegging i namna minnelund må det betalast for kostnadene til namneplate og del av minnesmerke, planting og stell.

Gravplassforvaltinga har ansvaret for felles planting og stell i minnelunden. Det er ikkje høve til å opparbeide eige plantefelt for grav i minnelund. Det kan leggjast ned blomar og tennast gravlys på ein stad tilvist av gravplassforvaltninga, så lenge dette er innanfor reglar om brannvern.

## **§ 12 Bårerom**

Gravplassforvaltninga stiller bårerom til disposisjon for den som står for gravferda. Det skal berre nyttast til oppbevaring av den døde. Ingen har tilgang utan løyve. Liksyning kan berre finna stad etter samtykke frå den som står for gravferda, og vedkjem ikkje dei tilsette.

## **§ 13 Næringsverksemnd**

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemnd på kyrkjegardane skal ha løyve frå kyrkleieg fellesråd. Løyve kan tilbakekallast dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglar som gjeld. Slik verksemnd kan berre omfatte montering og vedlikehald av gravminne og planting og stell av graver.

## **§ 14 Brot på vedtekten**

Dersom vedtektena ikkje vert overhaldne, kan gravplassforvaltninga setje i verk naudsynte tiltak etter varsel til ansvarleg / festar av grav/gravstad.

## **§ 15 Dispensasjon frå vedtekten**

I særskilde høve kan gravplassforvaltninga fråvike vedtektena.

## **§ 16 Ikraftsetjing og oppheving av eldre vedtekter**

Forskrifta tar til å gjelde 30 dagar frå kunngjering i Norsk Lovtidend. Frå den same tida blir vedtektena av 15.02.2005 (endra 13.12.2011) for gravplassane i Sauda kommune i Rogaland, oppheva.

*Sauda Sokneråd, Kyrkjeverja*

Når festetida er ute, kan gravstaden festast for nye periode. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan særskilt samtykke frå gravplassforvaltinga. Eventuell fornying vil då ha 5-års-intervallar. I god tid før festetida er ute skal festaren varslast.

Ingen kan gravleggjast i grav utan samtykke frå festaren. Dersom festaren sitt samtykkje ikkje kan innhentast, kan kyrklege fellesråd avgjere spørsmålet om gravlegging.

Festar pliktar å melde frå om endring av adresse.

## § 6 Grav og gravminne

Ved opning av grav kan jord leggast på omkringliggende graver og utstyr på desse kan for ei tid takast bort. Gravplassforvaltinga vil syte for planering og tilsåing av grava etter gravlegging. Montering av gravminne kan tidlegast skje 3 månader etter gravlegging av kiste. Til gravminne vert montert settast det opp eit merke med namnet til den avlidne.

På festa gravstad set ein opp gravminne i bakkant av den grava som er teke i bruk.

Gravminnet kan sentrerast på gravstaden etter neste gravlegging, dersom det er ein gravstad med fleire enn ei grav.

Festaren / ansvarleg har ansvar for at gravminnet er forsvarleg sikra og vedlikehalde.

## § 7 Verneverdig mellomalderkyrkjegard

Øvre kyrkjegarden i Saudasjøen er mellomalderkyrkjegard og automatisk vema etter kulturminnelova § 4. Heile området innafor steingarden er underlagt særskilde restriksjonar. Det er gitt dispensasjon for graver som har vore i «kontinuerleg bruk» etter 1945.

## § 8 Plantefelt

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgd med bakken rundt. Det må ikkje vere breiare enn breidda på gravminnet, men kan i alle høve vera opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lenger fram enn 65 cm, målt frå bakkanten av gravminnet. Det kan ikkje plantast vokstrar som er høgare enn gravminnet eller går ut over plantefeltet.

Kantstein omkring plantefelt, dvs. minst tre rette steinstykke som blir sett ned på tre sider av plantefeltet eller liggjande plate framføre gravminnet, skal flukte med terrenget omkring.

I fallande terrenget trappast kantstein og plate i forhold til gravminne sitt fundament. Plate og fundament skal ikkje vera same stykke.

Heil eller delt plate, med eller utan hull til planter, skal leggjast i drenerande masse og vere 5 – 15 cm tjukt. Avstand frå plantehull til ytterkant av plate skal vere minst 8 cm.

Heil eller delt plate, skal ha same lengde som gravminne sitt fundament og breidde inntil 65 cm, målt frå fundamentet sin bakkant.

Lykter, vasar og liknande må ikkje settast utanfor plantefeltet. Gravplassforvaltinga har ikkje ansvaret for at slike vert skadd, og dei kan bli fjerna. Det skal ikkje nyttast materiell av glas eller liknande som kan knusast.

Dersom det ikkje er aktuelt med plantefelt eller steinplate, skal det være grasbakke på alle sider av gravminnet.

## § 9 Plantetilfang

Planter, kransar og liknande tilfang som vert nytta ved gravferd eller ved pynting av grav og som endar som avfall skal være helt komposterbart.

## § 10 Stell av grav

Kvar gravansvarleg eller festar har rett og plikt til å stelle den grava vedkomande har ansvaret for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta eller stelt, skal den gravansvarlege eller festaren så til med gras, eller blir tilsådd av gravplassforvaltinga.

Den gravansvarlege eller festaren pliktar å halde gravminnet sikra og i forsvarleg stand.